


ÅRSMELDING



YTRE SØRE SUNNMØRE SYMJEKLUBB



2025

2025 - Tilbakeblikk og frampeik frå Styret

Høgdepunkt frå 2025:

- YSSS blei heidra med prisen som «Årets utviklingsklubb» av Norges Svømmeforbund.
- YSSS hadde for fyrste gong utøvarar i alle årsklasser under LÅMØ.
- Styret la fram «YSSS Klubbhandbok» på Årsmøtet i 2025 som skal rettleie i drifta av klubben.
- Utøvar i YSSS fekk tildelt TEFT-stipend av Sparebanken Møre for andre gong i historia.

Styret har i 2025 fortsett fokuset på å skape symjeglede i regionen vår og bygge ein robust symjeklubb for åra framover. Vi har hatt stort fokus på å bygge klubbkultur på tvers av lokasjonane og sosial trivsel, og å utdanne trenarar.

Klubbutvikling følger Norges Svømmeforbund (NSF) sitt organisasjonshjul med følgande overskrifter:

- Organisasjon
- Trenarar
- Leiing
- Anlegg
- Aktivitetstilbod
- Arrangement

Årsmeldinga er strukturert etter desse overskriftene.

Årsmøtet 2025 valde eit styre på seks personar, og gjennom året har vi hatt seks styremøter. Klubben sitt styre er å rekne som den daglege leiinga i klubben.

YSSS har etablert seg som klubb i lokalsamfunna på søre Sunnmøre med stor aktivitet i 2025. YSSS er synlege, har eit stabilt nivå på aktive symjarar og deltakarar på symjeopplæring. Klubben leverte gode sportslege resultat, både individuelt, lokalt, regionalt og nasjonalt. Årsmeldinga søker å gi eit så godt bilde av drifta som mogeleg.

Styret i YSSS, 24.02.2026

Katrine Vestbøstad

Ingrid Fjørtoft

Cian Walsh

Marianne Vågen Langeland

Martin Jung Leine

Kristin Raanes

1 INNLEIING, STRATEGI OG MÅLSETJINGAR

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) er ein idrettsklubb som blei etablert 06.09.2016 og har organisasjonsnummer 918 078 436. Klubben tilbyr organisert trening og symjeopplæring i region Ytre Søre Sunnmøre, som omfattar kommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy.

Årsmøtet for symjeåret 2024 blei gjennomført tysdag 25. februar 2025 på Ulstein Bibliotek i Ulsteinvik og digitalt på Teams. Protokoll frå møtet ligg på YSSS sine heimesider.

1.1 Visjon, strategi og målsetjingar

Visjon, verksemdidè og verdiane våre er oppsummert i «YSSS Klubbhandbok» og styret viser til handboka for detaljar rundt dette. Klubbhandboka ligg på heimesidene til ysss: <https://www.ysss.no/>

Basert på evaluering av måloppnåing i strategien 2021-2025, NSF sitt klubbessøk i oktober 2024, og styret si vurdering av YSSS som «Konkurranseklubb» starta styret diskusjonar om strategi 2026-2030.

NSF definerer grunnprinsipp i ein konkurranseklubb; «*Konkurransklubben tek godt vare på medlemmane sine, og det er aukande aktivitet både i breidda og i toppen. Klubben har god rekruttering frå grenskulen, og mange deltek på sine første klubbstemne allereie rett etter at opplæringa er ferdig.*

Når deltakarane kjem inn i treningsgruppene, har dei gode grunnleggjande ferdigheiter som gjer at dei har god progresjon i treningsgruppene. Klubben deltek på regionale konkurransar. Auka kompetanse og ansvarsdeling i trenarteamet gjer det meir attraktivt å vere trenar i klubben.

Samarbeidet med naboklubbane blir stadig betre, noko som gir utøvarar, trenarar og leiarar inspirasjon og energi. Styret deltek på sentrale møteplassar og har auka forståing for korleis idretten fungerer. Styret har handlingsplanar som skildrar prioriterte område klubben skal bli litt betre på den komande sesongen.» For meir informasjon om klubbtypar og konkurranseklubb:

<https://svømming.no/forbundet/klubbutvikling/klubbtyper/>

Styret ønskjer å invitere medlemmane inn i strategidiskusjonen – for å få innspel og bygge eigarskap til strategien og klubben. Trenarar ga innspel til strategien i eit trenarmøte i desember 2025. Det er planlagt fleire innspelsrundar med foreldre og utøvarar i 2026, i forkant av Årsmøtet. Styret ønskjer å få innspel på visjon, verdiar, framtidsbildet 2030.

Strategiarbeidet bygger på NSF sine overskrifter for klubbutvikling som lista i innleiinga.

2 ORGANISASJON

Styret la fram «YSSS Klubbhandbok» på Årsmøtet 25. februar 2025. Handboka skal sikre kontinuitet og vidareføre informasjon og erfaring i klubben, og vere eit verktøy for alle medlemmar; utøvarar, føresette, styret, komitear, utval, tilsette, trenarar og dommarar i klubben vår. Roller, funksjonar og verv er skildra i Klubbhandboka og blir ikkje spesifisert i årsmeldinga.

2.1 Tilsette

Sebastian Moldskred Kleven har sidan 1. september 2024 vore tilset i ei 30% stilling som symjeskulekoordinator/klubbsekretær og koordinerer symjeskulen og enkelte driftsoppgåver.

Sigrid Sætre var tilsett som trenar i perioden 1. april til 31. oktober 2025 med særleg fokus på rekruttane og trening i Herøy.

Trenarar på kurs har alle signert arbeidskontrakt basert på mal utarbeid i samarbeid med NSF og NIF. Kontraktane blir fornya årleg. Lønn til trenarane har vore fast sidan 2024, men sidan fleire av trenarane har tatt opplæringstrenarkurs har timelønna auka i løpet av året. Timelønna er satt basert på utdanningsnivå.

2.2 Dommarar

Symjesporten er avhengige av dommarar for å gjennomføre konkurransar (approberte stemner). I tråd med klubben sin vekst og auka deltaking på stemne, følgjer det med eit ansvar om å bidra med dommarar. I 2025 har klubben dobla talet på dommarar frå 1 til 2.

2.3 Årshjul

YSSS har utarbeidd Årshjul etter NIF-mal og NSF-mal der alle planlagde aktivitetar relevant for medlemmane er inkludert. Årshjulet ligg på heimesidene til YSSS og blir oppdatert regelmessig.

Styret har utarbeidd eige Årshjul for styrearbeid og drift.

2.4 Informasjon, kommunikasjon og profilering

Å drive ein symjeklubb som er spreidd på tre ulike lokasjonar, der ein «soknar» til sitt eige lokale basseng har sine utfordringar. Under stiftinga i 2016 kom det ganske klare signal frå Norges Svømmeforbund at nedslagsfeltet rettferdiggjorde maksimalt ein klubb.

Utfordringane til YSSS i kvardagen går ut på å:

- Få rett og konsistent informasjon ut til medlemmar og trenarar.
- Samordning av trenings- og kursinnhald, samt å levere dette med ein konsistent kvalitet på tvers av lokasjonar.
- Tilgang på ressurspersonar på dei ulike lokasjonane, som trenarar, styremedlemmar og andre frivillige. I dette må også nemnast praktiske trivielle ting som kompetansedeling og transport.
- Definerte roller og ansvar med tydelege mandat (lokalt vs klubben totalt)

YSSS nyttar i stor grad Facebook til kommunikasjon om tilbod, arrangement, prestasjonar, sponsorhylllest og sosiale hendingar. Facebook er integrert med nettsida til YSSS. På denne måten evnar klubben å ha ein jamn nyheitsstraum ut til medlemmar, sponsorar og kundar.

Instagram-kontoen for YSSS blir flittig brukt av dei yngre og aktive medlemmane i klubben. Det viser seg at dette er ein god kanal for å «følge» andre symjeklubar og utøvarar i landet. Vi har fått positive kommentarar frå andre klubbar om Instagram-kontoen vår. Sosiale media er ein viktig kommunikasjonskanal for YSSS.

YSSS nyttar Spond til invitasjon til arrangement, kommunikasjon med føresette, symjeskuledeltakarar og treningsutøvarar, og også til å sende ut betalingskrav.

Gjennom året har klubben regelmessig vore omtala i media gjennom gode sportslege prestasjonar, arrangement og sponsorkontrakter, i tillegg til lokal, regional og nasjonal merksemd ved pristildelinga som «Årets utviklingsklubb» (Vikebladet, Vestlandsnytt, Sunnmørsposten, NRK lokalradio).

3 TRENARAR

Cian Walsh har hatt rolla som hovudtrenar sidan 2020 på frivillig basis. Han har Trener 1 utdanning frå Norges Svømmeforbund.

Trenarar er avgjerande for all aktivitet i YSSS. NSF har gått bort frå omgrepet «instruktør» i symjeopplæring, og brukar trenar for all aktivitet. I denne årsmeldinga viser derfor «trenarar» til både trenarar på symjetrening og trenarar på symjekurs og barnehagesymjing.

Det er særst viktig for YSSS som klubb å rekruttere nok trenarar til symjeskulen og til trening. Det er ei kontinuerleg hårfin balanse mellom å ha nok trenarar og å ha nok jobb til dei trenarane som blir engasjert. Klubben er avhengig av å ha ei viss mengde tilkallingsvikarar, som kan stille opp ved sjukdom og anna fråvær av trenarar. Og tilkallingsvikarane må helst ha erfaring og vere sjølvgåande på kursa.

Vi engasjerer mange ungdommar som har svømt sjølv eller likar å vere i bassenget med born. Desse ungdommane skal ofte vidare i livet etter ei viss tid. Vi har derfor relativt stor gjennomtrekk av trenarar i klubben. Spesielt er det underskot på vaksne trenarar med erfaring (>18 år), som er eit krav å ha til stade på all vår aktivitet.

Pr 31.12.2025 hadde vi 19 trenarar engasjert, fordelt på Herøy, Hareid og Ulstein.

3.1 Opplæring av trenarar

Opplæring av trenarar er i tråd med NSF sitt utdanningsløp. Dette er eit krav for trenarar engasjert i klubben. I 2025 hadde vi fleire av våre trenarar på kurs:

Tidspunkt	Type kurs	Antal	Arrangør
Januar	Opplæringstrener svømmearter	1	VTI
August/september	Opplæringstrener grunnferdigheter svømming	5	YSSS
Oktober	Opplæringstrener svømmearter	10	YSSS
Mars-oktober	Trener 1	1	NIF

YSSS dekkjer direkte kostnader for deltaking på kurs, medan kursdeltakar dekker timane på kurs.

Årleg livredningsprøve

For å oppretthalde autorisasjon som trenar i Norges Svømmeforbund, gjennomfører vi årleg prøve i livredning for alle trenarar.

Trenarattest

Alle aktive trenarar tar trenarattest som blir registrert på minidrett.no. Minidrett.no skal no kunne brukast som ei oversikt over alle trenarar vi har i klubben, med full oversikt over utdanning, trenarattest og politiattest.

Trenarmøter

Hausten 2025 har det blitt arrangert 2 trenarmøter. Målet er å invitere til regelmessige trenarmøter (kvar 2. månad) for å skape ein møteplass for informasjon- og erfaringsdeling, og bli kjent med kvarandre og klubben. Dette er viktig for å sikre kvalitet på aktiviteten, og for inspirasjon for trenarane. Trenargruppa har nytte og glede av å bli kjent og lære av kvarandre. Gode tilbakemeldingar frå trenarane.

4 LEIING

Det er styret i YSSS som er ansvarleg for den daglege drifta av klubben.

Roller, funksjonar og verv er skildra i Klubbhandboka.


Klubben annonserte i november 2025 ei stilling som dagleg leiar og hovudtrenar i klubben (50%) med søknadsfrist 31.12.2025.

4.1 Medlemmar

Medlemmane er hjartet i klubben. Dei bidreg med ferdigheiter og innsats i bassenget, og også med si støtte og engasjement på bassengkanten. Medlemmane skaper fellesskapet der alle kan kjenne seg inkludert og verdsett, som er essensielt for klubben sin suksess og trivsel.

YSSS nyttar SpondClub som medlemsregister. Dette systemet har integrasjon til NIF sine medlemsregister. For at medlemmer skal blir offisielt rekna i NIF-register, må alle medlemmer ha eit NIF-nummer og ha betalt medlemskontingent inneverande år. Det er NIF-godkjente medlemmer som legg grunnlag for offentleg økonomisk støtte til klubben og er utgangspunkt i dialog med sponsorar.

Medlemsoppfølging er krevjande og krev kontinuerleg merksemd. Dette gjeld særleg symjeskuleelevar som varierer frå år til år. Vi har krav på oss til at alle som deltek i vår aktivitet skal vere medlem hos oss gjennom avtalar med NSF. Medlemsoppfølging er ei arbeidsoppgåve for symjeskulekoordinator, overordna ansvar i styret.



4.2 Samarbeid med andre symjeklubar

YSSS er ein relativt liten klubb og samarbeid med andre klubbar styrkar vårt tilbod og skaper relasjonar på tvers.

I fleire år har samarbeidet med VTI vore sterkt. Samarbeidet med Volda Turn og Idrettslag (VTI) er blitt redusert i 2025 som resultat av at symjehallen i Volda opna i januar 2025. Noko samarbeid er det framleis om felles symjetreningar.

I 2025 har dialogen mot Aalesund Svømme- og Livredningsklubb (Aaslk) fortsatt vore tett, både om fellestreningar og felles logistikk.

4.3 Berekraft og samfunnsansvar

YSSS ønskjer å vere ein klubb som tek ansvar for kvarandre og omgjevnadene. Norges Svømmeforbund sitt motto er "hver nordmann en svømmer, hver svømmer en livredder". Symjeopplæring kan redde liv, og dette er eit samfunnsansvar vi tek på alvor i vår aktivitet.

Styret la i 2025 opp til ryddeaksjonar som hovuddugnad i klubben. Dette var eit gjennomdiskutert val basert på følgjande faktorar:

- Alle kan delta. Det er viktig for oss å gjennomføre dugnader der utøvarane sjølv bidrar.
- Det byggjer fellesskapskjensle i klubben, på tvers av våre tre lokasjonar. Vi lager ei sosial ramme rundt ryddeaksjonane.
- Positivt for samfunnet og lokalmiljøet med ryddige strender (Berekraftsmål #14.1).
- Å plukke andre sitt boss er disiplinerande. Vi lærer at boss ikkje skal kastast i naturen.
- Det bygger positivt omdømme for YSSS, vi er synlege der vi ryddar, vi deler i sosiale media og prøver å få ei sak i lokalavisa.
- Det bidreg ikkje til auka forbruk (Berekraftsmål #12). Mange dugnader legg opp til sal av forbruksvarer, og vi forstår at slike dugnader er ei stor potensiell inntening av midlar. Likevel ønskjer vi å unngå å bidra til overforbruk så lenge det let seg gjere.

Les meir om klubben sine prioriteringar og vurderingar knytt til berekraft og samfunnsansvar i Klubbhandboka.

5 ANLEGG

YSSS er i ein god posisjon når det gjeld tilgang på basseng. Mange klubbar i Noreg har dette som si største utfordring, men etter dei store utbyggingane i Ulstein og Herøy dei siste 10 åra er tilgang til basseng ei av styrkane til klubben. I tillegg kan utøvarane våre trene saman med VTI i den nye symjehallen i Volda.

Utfordringa i vår region er at kollektivtilbodet ikkje er like godt som i større byar.

Harmonisering av kostnader knytt til inngang i basseng er framleis ei utfordring, og er ei barriere for eit tettare treningsmiljø i klubben. Bassenganlegga blir drifta av tre ulike aktørar som krev ekstra administrasjon for klubben:

- Anlegget i Ulstein (Ulstein Arena) er kommunalt, men blir drive kommersielt som eit badeland. Tilgang til både terapibad og 25m basseng.
- Anlegget i Herøy (Sunnmørsbadet) er privat og blir drive som eit kommersielt badeland. Tilgang til både terapibad og 25m basseng.
- Anlegget på Hareid (Hareid Symjehall) er eit kommunalt anlegg, men utan badevakter. YSSS må stille med eigen badevakt på trening/kurs. 12,5m basseng.

Samarbeidet med alle tre anlegga er godt, og partane er løysingsorientert. YSSS sine medlemmar får gunstige rabattordningar på årskort (-20% på Ulstein Arena og -50% på Sunnmørsbadet).

6 AKTIVITETSTILBOD

I sentrum for ein symjeklubb er aktivitetane vi tilbyr. For YSSS var det i 2025:

- Symjetrening – for utøvarar som har valt symjing som idrett. YSSS tilbyr denne type organisert trening i både Hareid, Ulstein og Herøy.
- Symjeskolen - følgjer opplegget til Norges Svømmeskole, som er NSF sin nasjonale plan for symjeopplæring. YSSS tilbyr kurs for barn (5-11 år), ungdom (11-16 år) og til vaksne.
- Barnehagesymjing – i 2025 har YSSS fortsatt samarbeid med barnehagar i Ulstein og Hareid kommune om symjeopplæring for førskulebarn i barnehagane.
- Damebading – eit etablert tilbod i bassenget på Hareid for kvinner, med fokus på trivsel og inkludering uavhengig av kulturell og sosial bakgrunn.

6.1 Symjetrening

YSSS har i 2025 hatt symjetrening for K1, K2, U1 og rekrutt i Ulstein Arena og Sunnmørsbadet.


Etter haustferien blei tilbodet i Sunnmørsbadet redusert frå 2 til 1 dag i veka. Treningstilbodet på tvers av lokasjonar/symjehallar blei samla for å sikre best mogleg kvalitet og kontinuitet i treningane, i mangel på tilstrekkeleg trenarressursar. Styret informerte om at inngong i symjehall 2 (den symjehallen som utøvar normalt ikkje trena i) ville bli dekkja av klubben.

I 2025 etablerte vi ei eiga «Ungdomsgruppe» for dei som ynskjer å fortsette med symjing som idrett, og som ikkje vil konkurrere. Styret har i 2025 også definert «K1 talentutvikling» for utøvarar som har eller vil

klare kvalifiseringskrav for ÅM, UM, NM, og 2 utøvarar var invitert til treningsleir ilag med Aask i Barcelona i påskeferien.

Meir om treningsgrupper og forventningar til treningsgruppene kan lesast i «YSSS Klubbhandbok» og på heimesidene våre.

Utvikling i treningsgruppene frå 2020-2025 er vist i grafen under:




Vi ser ein nedgåande trend i talet på utøvarar i konkurransegruppene, dette har samanheng med etablering av ungdomsgruppa og at det er fleire av dei eldste utøvarane som har gått vidare til nye klubbar. Det heng også saman med at vi ikkje har lykkast med å løfte fleire rekruttar vidare til konkurransegruppene, og det er noko vi vil ha fokus på framover. Det positive er at talet på rekruttar er jamt stigande.

Treningsåret 2025 har vore godt trass utfordringar med trenarressursar. Klubben har mot slutten av 2025 i underkant rundt 45 aktive symjarar, noko som er innafor det nivået klubben ynskjer å ligge på.

6.2 YSSS Symjeskule

YSSS Symjeskule er etablert som eit tilbod i Hareid, Ulstein og Herøy kommune.

Utviklinga for symjeskulen frå oppstarten i 2020 til 2025 er vist i diagrammet under:



Vi er godt nøgd med resultatet i symjeskulen i 2025. For dei 73 kursa vi gjennomførte, hadde vi 397 kursplassar tilgjengeleg der vi hadde ledig kapasitet på 35 av kursa våre (38 av kursa var fulle). Auka i talet på kurs frå tidlegare år heng saman med at vi gjennomførte intensivkurs i sommarferien, og 3 kursrunder både i Sunnmørsbadet og Ulstein Arena, i tillegg til 2 kursrunder i Hareid symjehall. I 2025 har vi hatt 206 unike deltakarar på kurs, noko som indikerer at mange av deltakarane kjem tilbake på kurs hos oss.

Vi har hatt stort fokus på inkludering av flyktningar i kursaktiviteten vår i 2025. Ved bruk av midlar frå Gjensidigestiftelsen og Ulstein kommune sine midlar mottatt frå Møre og Romsdal fylkeskommune har vi kunne dekkja kursavgift for å skape symjeglade og bygge meistring i vatn for mange flyktningar.

Kursaktiviteten er den viktigaste rekrutteringa til treningsgruppene. Nivået på kurs og kursdeltakarar er der ambisjonane er. Vi tek med oss læring frå 2025 inn i 2026.

6.3 Barnehagesymjing

Søknad til Statsforvaltaren om midlar til barnehagesymjing blei innvilga også i 2025. YSSS er søkjar for dei fleste barnehagane i Ulstein kommune og er ansvarleg for det administrative knytt til koordinering og rapportering, i tillegg til det faglege opplæringstilbodet. Ein barnehage i Ulstein kommune gjekk ut av samarbeidet i 2025, ein ny barnehage kom til. YSSS er instruktør også for barnehagen som søkte midlar på eigahand.

Samarbeidet med Hareid kommune fortsette i 2025. Hareid kommune søker midlar frå Statsforvaltar og er ansvarleg for det administrative. YSSS har ansvar for det faglege opplæringstilbodet i bassenget.

Totalt ga YSSS opplæring til 146 barnehageborn i 2025.

Dette er eit tilbod som bidrar til at alle førskuleborn får same tilbod om vasstilvenning før skulestart – med mål om å auke symjeferdigheitene til born og unngå drukningsulykker. Så langt er tilbagemeldingane frå barnehagane positive og erfaringane gode. Dessverre er midlane til barnehagesymjing kutta i Statsbudsjettet for 2026 og vi er usikre på om dette blir eit tilbod vi kan fortsette med i åra framover.

6.4 Damebading

Damebading har vore eit tilbod på Hareid i fleire år med eit deltakartal på rundt 10 damer siste åra. Dette er eit viktig breiddetilbod i klubben som inkluderer på tvers av kultur og tradisjon som vi vil fortsette med.

7 ARRANGEMENT

7.1 Dugnad

Alle idrettslag er avhengige av dugnader for balanse i økonomien. YSSS er tufta på dugnad og mange funksjonar og roller i klubben er fylt av frivillige. Vi er opptatt av at dugnadane våre involverer, byggjer fellesskap og bidrar i lokalsamfunna vi høyrer til.

I 2025 har vi hatt to strandryddeaksjonar og eitt loddsal/lotteri. Totalt bidrog dette med om lag 100.000,- i inntekter til klubben. Loddsal er positiv omdømmebygging for YSSS. Ringe på dører og fortelje om symjeklubben er god reklame og skaper stoltheit.

Strandrydde-aksjonane skaper ei kjensle av fellesskap og samarbeid. Alle i alle aldrar kan bidra i ryddeaksjonane, som bidrar positivt til lokalsamfunnet og naturen. I 2025 hadde klubben to ryddeaksjonar; Eiksund og Osnes. Klubben fekk støtte frå Handelens Miljøfond og Norges Sildesalgslag for innsatsen som våre over 80 unge strandryddarar gjorde. Vi er stolte over klubben vår og alle strandryddarane som møter opp, og vi trur at våre aksjonar inspirerer våre medlemmar til å unngå forsøpling og ta vare på naturen vår.

7.2 Klubbarrangement

Klubben legg stor vekt på å etablere eit trygt og sosialt fellesskap. Dette er ei oppgåve vi alle, både styret, foreldre og utøvarar må ta ansvar for å lykkast med.

Opning Voldabadet

YSSS var invitert med på opninga av Voldabadet for å vise fram symjesporten. Flott symjehall som vi gleder oss til å bruke.

Sosial kveld K1

Trenar-Sigrid inviterte K1 til ein sosial kveld for K1-utøvarane for å styrke relasjon mellom etablerte og nye K1-utøvarar.

Internstemne - «Smak av Ulstein» og sommaravslutning

25 utøvarar og 23 foreldre/føresette deltok på Internstemnet under festivalen «Smak av Ulstein», som har blitt ein fast tradisjon som samlar klubben på tvers av lokasjonar og treningsgrupper. Her er det fokus på meistring og samhald gjennom individuelle øvingar og stafettar. Deltakarar frå selkurset får prøve konkurranseforma, medan K1-utøvarane hjelper til med startlister og oppfølging av dei yngste. Arrangementet fungerer også som sommaravslutning for klubben. I 2025 bomma vi på helga for «Smak av Ulstein» og arrangerte stemnet vårt helga før, laurdag 7. juni.

Kick-off, sesongstart

Symjesesongen følgjer skuleåret, og etter ein sommar i «dvale», kick-starta klubben symjesesongen med treningar veka før skulestart for K1, U1, K2 og rekrutt i Ulstein Arena og Sunnmørsbadet. Veka inkluderte i tillegg til økter i bassenget både fjelltur, felles lunsj, styrketrening, og diverse uteaktivitetar. Kick-off vart avslutta med treningsøkt med sosialt samvær og bingo i Ulstein Arena laurdag 16. august.

Foreldremøte

Over 20 foreldre og føresette deltok på møtet arrangert i tilknytning til kick-off i Ulstein Arena. Viktig møteplass for å bli kjent og deling av informasjon.

Hareidsdølen triatlon

4 utøvarar og hovudtrenar deltok både på lag (symje-etappen) og individuelt. Dette er både sosialt og motiverande arrangement å delta på.

Rosa sløyfe løp - Fosnavåg

I år stilte utøvarar og trenarar til start i Rosa sløyfe løpet i Fosnavåg. Eit kjekt arrangement under stormen Amy.

Treningsleir Volda

I haustferien deltok 6 YSSS-symjarar på treningsleir i Volda i lag med symjarar frå fleire klubbar i kretsen. I tillegg stilte YSSS med trenar Sigrid Sætre og overnattingsvakter.

Slike arrangement på tvers av klubbar er positive, både for utøvarar og vaksne, og bidreg til auka trivsel i symjemiljøet.

«Grinch Week» og årsavslutning

Grinch week er blitt ein tradisjon i YSSS. I løpet av romjula gjennomførte dei ivrigaste symjarane heile fem treningsøkter, som blei toppa med 10 000m oppdelt i 100x100m med 2 min starttid på nyttårsafta. I 2025 blei Grinch week gjennomført saman med VTI i Voldabadet.

7.3 Stemne og konkurransar

Ein skil mellom approberte (offisielle tider) stemner og uapproberte stemner (det ein kallar «rekruttstemner» og vi arrangerer som «internstemner»). Les meir om stemne i Klubbhandboka.

Approberte stemner (K1 & K2):

For gruppene innan konkurransesymjing (K1 & K2), har aktiviteten og deltakinga på approberte stemner vore høg i 2025.

	Stemne	Påmeldte
Februar-25	Rosesvøm, Molde	12
Februar-25	Vårduppen, Nordfjordeid	6
Mars-25	LÅMØ, Ålesund	10
April-25	Vårlauget, Volda	7
Juni-25	ÅM, Porsgrunn	1
September-25	Sparebanken Møre svøm, Ålesund	6
September-25	Høststevne, Molde	9
Oktober-25	NM ungdom, Bergen	1
November-25	Taremaresvøm i Brattvåg	AVLYST
Desember-25	Julelauget, Volda	12

Samla sett representerer dette rundt 275 individuelle startar på stemne. Det er færre utøvarar som deltar på stemner og det viser igjen på individuelle startar. Resultata frå stemnedeltaking syner at klubben har fått fram ei gruppe som hevdar seg godt, både regionalt og nasjonalt. Ei oppsummering av høgdepunkt:

- 10 utøvarar deltok i Landsdels Årsklassemeisterskap (11 kvalifisert) - Region Midt 2025 (LÅMØ) på Moa, Ålesund. YSSS hadde deltakarar med i alle årsklassar for fyrste gong.
- 1 utøvar kvalifiserte seg gjennom prestasjonar på LÅMØ til Årsklassemeisterskapen (ÅM, landsfinalar) i Kristiansund.
- 6 utøvarar sikra kretsmeisterskapsmedaljar i 1 eller fleire øvingar i løpet av 2025.
- 2 utøvarar som vart tatt ut til regionslaget Region Nord (dei 20-30 beste symjarane frå Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark).
- 1 utøvar kvalifiserte seg til NM ungdom i Bergen.
- Alle utøvarar har sett personlege rekordar i løpet av 2025.

Dette er svært gode resultat av ein symjeklubb som YSSS. Samarbeidet mellom trenarar, utøvarar og symjeskulen er nøkkelen for å lykkast.

Resultata er heilt i tråd med strategien og måla som blei satt i 2021: «Ved å satse på rekruttering i form av symjeskulen og samtidig bygge eit sosialt miljø for utøvarane, vil meistring og prestasjonar gi resultat på regionalt og nasjonalt nivå.»

Rekruttstemner (R1)

YSSS var påmeldt til 4 rekruttstemner (R1) i 2025, i Volda, Brattvåg og Ålesund.

	Stemne	Påmeldte
April-25	Vårlauget, Volda	10
September-25	Sparebanken Møre svøm, Ålesund	7
November-25	Taremaresvøm i Brattvåg	AVLYST
Desember-25	Julelauget, Volda	8

Å delta på rekruttstemner er viktig øving og førebuing til deltaking i approberte stemner. Det blir ikkje notert tider eller plasseringar på rekruttstemna – fokuset er på det sosiale, det å delta og meistre.

8 ØKONOMI

Symjing er ein kostbar idrett. Styret er oppteken av å halde kostnadane for utøvarane så låg som mogleg, for å unngå at økonomi blir ei hindring for å drive med sporten. Medlemsavgift, kursavgift og treningsavgift har vore uendra sidan 2021.

8.1 Budsjett og resultat 2025

Budsjett for 2025 var i stor grad basert på rekneskapen for 2024 med ambisjonar om auka rekruttering av trenarar og driftsoppgåver. Budsjettet var godkjent på Årsmøtet 2025.

Resultatrekneskap

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb
2025 samanlikna med budsjett

	Resultat 2025	Budsjett 2025	Resultat mot budsjett 2025	Diff. %	Budsjett 2026
Salsinntekt	653 289.98	513 000	140 290	27	573 000
Anna driftsinntekt	1 006 015.16	770 000	236 015	31	830 000
Sum driftsinntekter	1 659 305.14	1 283 000	376 305	29	1 403 000
Varekostnad	30 258.12	10 000	20 258	203	10 000
Lønskostnad	560 521.32	649 025	-88 504	-14	701 845
Annan driftskostnad	477 222.46	610 600	-133 378	-22	625 000
Sum driftskostnader	1 068 001.90	1 269 625	-201 623	-16	1 336 845
Driftsresultat	591 303.24	13 375	577 928	4321	66 155
Anna finansinntekt	35 022.85	15 000	20 023	133	50 000
Annan finanskostnad		1 400	-1 400		0
Netto finanspostar	35 022.85	13 600	21 423	158	50 000
Resultat før skatt	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155
Ordinært resultat	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155
Udisponert overskot/underskot	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155

Året enda med eit positivt resultat på 626.326,-. Detaljert rekneskap er inkludert i Vedlegg 1. Overskotet er vesentleg høgare enn budsjettert. YSSS har ikkje eit mål om å gå med så stort overskot på eitt år, samstundes gir det oss tryggleik for å investere i det vi ser som behov framover og veit at vi har litt å gå på i dårlegare år.

Kommentarar til rekneskapen:

- Sponsorinntekter blei splitta i avgiftspliktig, avgiftsfri og gaver i tråd med mva-regelverk og rekneskapsmessige krav. 3020, 3120, 3122 må derfor sjåast i samanheng mot budsjettet. Vi har i 2025 lykkast med å hente opp mot 20% meir sponsorinntekter enn budsjettert.
- Offentlege tilskot har eit resultat på 150% av budsjett. Dette har samanheng med auka medlemstal i 2024 og at vi lykkast med å sende ut separat betalingskrav for medlemskontingent til kursdeltakarar. Høgare NIF-registrerte medlemstal ga auka tildeling av LAM-midlar.
- Momskompensasjon er 7% lågare enn budsjettert. Dette må vi ta omsyn til i budsjett for 2026.
- Kursinntekter i 2025 er 43% høgare enn budsjett og er klubben si største enkelt-inntekt. Desse inntektene inkluderer midlar frå Statsforvaltaren til barnehagesymjing. Resultatet speglar god kursaktivitet på alle lokasjonar og ei auke i talet på kurs og kursdeltakarar, og har samanheng

med at YSSS har ein dedikert ressurs til symjeskulen som følgjer opp det daglege arbeidet og set opp ekstra kurs i feriar.


- Lønnskostnader summerer seg til 14% lågare enn budsjett. Vi har hatt ein krevjande trenarsituasjon, særleg utover hausten som resulterte i at trenartilbodet blei redusert i Herøy, og det blei lagt opp til meir eigentrening for K1-gruppa. Det var i budsjettet tatt høgde for fleire trenar-ressursar i klubben.
- Andre driftskostnader er 22% lågare enn budsjett, fordelt ut over ulike postar. Samstundes ser vi at reisekostnader, fly og hotell er langt over budsjett. Det har mellom anna samanheng med at vi hadde 1-2 kvalifiserte utøvarar til ÅM og NM, uttak til regionalsamlingar og treningsleirar. YSSS dekkjer kostnader for trenar til stemner, samlingar og leirar. I tillegg dekkja klubben reise og opphald for trenar 2 utdanning for Sigrid Sætre.

Økonomiske grep som blei innført i løpet av 2024/2025 og skal vidareførast i 2026:

- Strategisk og målretta arbeid med sponsorar.
- Utsending faktura til sponsorar fyrste halvår for å sikre god likviditet.
- Kontinuerleg avstemming av konto for oversikt og styring.
- Inkluderande dugnader.
- Tydelege rammer for eigenandelar ved deltaking på stemne (startar, overnatting, reise), betalingskrav sendt ut så tidleg som mogleg for arrangement.
- Sikre god medlemshandling – medlemmane er utgangspunkt for offentleg støtte og forhandlingsgrunnlag i sponsoravtalar.
- Forvaltning av delar av eigenkapital på høgrentekonto i Sparebanken Møre for betre avkastning, noko som i 2025 auka finansinntekter frå eit minimum til 35.000 i 2025.

I tabellen under er hovudpostane for dei seks siste åra oppsummert, saman med foreslått budsjett for 2026. Omsetning og resultat er vist grafisk under.

Resultatregnskap YSSS	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026E
Salgsinntekt	87 072	144 438	357 417	299 069	430 590	465 554	653 290	573 000
Annen driftsinntekt	160 549	234 794	453 221	643 785	519 934	812 867	1 006 015	830 000
Sum driftsinntekter	247 621	379 232	810 638	942 855	950 523	1 278 421	1 659 305	1 403 000
Varekostnad	-	-	75 175	40 944	24 456	8 281	30 258	10 000
Lønnskostnad	93 810	59 059	140 634	351 296	507 224	511 711	560 521	701 845
Annen driftskostnad	165 948	141 738	339 449	384 763	545 348	534 380	477 222	625 000
Sum driftskostnader	259 758	200 797	555 258	777 002	1 077 028	1 054 372	1 068 002	1 336 845
Driftsresultat	-12 137	178 435	255 380	165 853	-126 504	224 049	591 303	66 155
<i>Resultatmargin</i>	<i>-5%</i>	<i>47%</i>	<i>32%</i>	<i>18%</i>	<i>-13%</i>	<i>18%</i>	<i>36%</i>	<i>5%</i>



8.2 Budsjett 2026

Budsjettet for 2026 bygger på budsjett og resultat 2025. Omsetning er lagt litt over budsjettet for 2025, men under resultatet for 2025. Det er usikkerheter knytt til drifta og inntektssida i 2026 som gjer at styret legg opp til eit lågare budsjett i 2026 enn resultatet for 2025:

- Det er venta store utskiftingar i styret i YSSS i 2026 som vil kunne påverke drift og økonomi,
- Regjeringa og Storting har fjerna midlar til barnehagesymjing i Statsbudsjettet for 2026, noko som vil påverke vår aktivitet og økonomi,
- Auke i lønnskostnader heng saman med klubben sin intensjon om å tilsette hovudtrenar og dagleg leiar,
- Sponsorinntekter er budsjettert med omlag same nivå som resultatet i 2025. Dessverre var mange av avtalane som blei inngått i 2025 kun 1-årige og mykje av jobben med sponsoravtaler må dermed gjerast om att i 2026, og det er knytt usikkerheit til oppnåinga på denne posten,

Detaljert resultatregnskap for 2025 og budsjett for 2026 er å finne i vedlegg 1.

YSSS implementerte i 2021 regnskapsprogrammet PowerOfficeGo. Saman med assistanse frå Reknehuset AS har dette gitt eit betydeleg løft for klubben i form av automatiserte og kvalitetssikra prosessar for faktura- og bilagskontroll, sporbarheit, lønnsutbetalingar og ikkje minst resultat- og budsjettovervaking.

8.3 Sponsorar og støttespelarar

Takk til alle sponsorar for støtte i 2025! Denne støtta er avgjerande for at klubben skal skape symjeglade og gi eit godt tilbod om symjeopplæring og symjetrening i regionen vår.

Budsjettet for 2025 la opp til sponsorinntekter på oppnådd nivå som 2024, som var ei 20% auke frå 2023. YSSS har aktivt og strategisk jobba med å få fleire sponsorar med på laget. Dette har vi lykkast med som vist i resultatet. Vi ser at det er krevjande å drive sponsorarbeid i ein region med stor konkurranse om sponsormidlar der symjesporten ikkje er like etablert som andre aktivitetar. Vi treng hjelp frå foreldre og føresette i å sikre gode sponsoravtaler.

Mange av dei nye sponsoravtalane er 1-årige. Målet vårt er fleirårige avtalar, for er å sikre ein stabil inntektsstraum som kan balansere drifta i profesjonaliseringsprosess og auka kostnader. Vi ser derfor at sponsorarbeidet blir viktig også i 2026.

Sponsoroversikt 2025:

Type	Bedrift	2021	2022	2023	2024	2025
1) Generalsponsor	Sparebanken Møre ASA					
2) Hovudsponsor	Jets Vacuum AS					
2) Hovudsponsor	Ulmatec Eiendom AS					
2) Hovudsponsor	Millennium					
3) Samarbeidspartnar	Island Offshore AS					
3) Samarbeidspartnar	CONPLAN					
3) Samarbeidspartnar	Equinor					
3) Samarbeidspartnar	Ulsmo AS					
3) Samarbeidspartnar	Bucci Arkitekter AS					
3) Samarbeidspartnar	Ulstein Group ASA					
3) Samarbeidspartnar	Aurvoll og Furesund AS					
3) Samarbeidspartnar	Fjord1					
3) Samarbeidspartnar	Ulstein Betongindustri					
3) Samarbeidspartnar	REM Maritime					
4) Heiagjeng	Tussa AS					
4) Heiagjeng	Olympic Subsea ASA					
4) Heiagjeng	BDO					
4) Heiagjeng	Mare Safety					
4) Heiagjeng	Larsnes Mek Verksted AS					
4) Heiagjeng	Reknehuset AS					
4) Heiagjeng	Blink Hus					
4) Heiagjeng	Ulstein Bil AS					
4) Heiagjeng	HS Riise Bygg					
4) Heiagjeng	Franzefoss					
4) Heiagjeng	Libra-Plast AS					
4) Heiagjeng	Remøy Shipping AS					
4) Heiagjeng	Hareid Group					
4) Heiagjeng	DIMO AS					
4) Heiagjeng	Havila Holding					
4) Heiagjeng	Robinet					
4) Heiagjeng	Leinebjørn AS					
4) Heiagjeng	Entec (Brimer, Evotec)					
Sum Sponsorinntekter		135 000	169 000	231 500	292 000	370 192

Vi har 3 kategoriar av sponsorpakkar; 1) Hovudsponsor med årleg yting på 30-50.000 kr, 2) Samarbeidspartnar med årleg yting på 10-30.000 kr, og 3) Heiagjeng som bidreg med beløp under 10.000 kr.

I tillegg har vi Sparebanken Møre som er vår Generalsponsor. Ny 3-årig samarbeidsavtale med Sparebanken Møre for 2026-2028 blei signert i november 2025. Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid med Sparebanken Møre dei neste 3 åra!

Alle medlemmer har eit ansvar for å fremme sponsorane våre gjennom profilering ved bruk av klubbkle. Sponsorar har i 2025 fått merksemd i vår kommunikasjon på Facebook.

8.4 Offentleg støtte

I 2025 fekk YSSS innvilga søknad frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal knytt til barnehagesymjing på 164.000,-. Dette beløpet blir periodisert på 2025 og 2026 når aktiviteten blir gjennomført, stønaden blir inntektsført som 'Kursinntekter'. Meir om barnehagesymjing i avsnitt 3.3 over.

8.5 Prosjektmidlar

YSSS har i løpet av 2025 sendt inn 27 søknader om prosjektmidlar til ulike støtteordningar. Av desse 27 vart åtte prosjektsøknadane innvilga. Dette inkluderer støtte frå Statsforvaltar til barnehagesymjing og midlar for strandrydding.

Prosjektsøknader er krevjande arbeid, både i planlegging, gjennomføring, budsjettering og rapportering (både økonomisk og resultatrapportering). Det blir viktig at vi ikkje lagar oss for mykje ekstra administrasjon ved å etablere prosjekt som krev ressursar vi i utgangspunktet ikkje har.

Vi er særleg godt nøgd med inkluderingsarbeidet, som vi i fleire omgangar og i fleire år har sikra støtte til. Å legge til rette for at utøvarar med flyktningbakgrunn kan delta på lik linje med alle andre utøvarar i symjesporten, er viktig for å halde dei i klubben. I 2024 fekk vi tildelt midlar frå Gjensidigestiftelsen til å dekke kursavgift, symjeutstyr og påmeldingsavgift for deltaking stemner, dette er midlar vi har nytta i aktiviteten 2025.

9 VEDLEGG 1 – RESULTATREKNESKAP 2025 OG BUDSJETT 2026

Resultatrekneskap

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb

2025 samanlikna med budsjett

Kontonr.	Konto	Resultat 2025	Budsjett 2025	Resultat mot budsjett 2025	Diff. %	Budsjett 2026
	Salsinntekt	653 289.98	513 000	140 290	27	573 000.00
3020	Sponsorinntekter, avgiftspliktig	120 850.00		120 850		15 000.00
3120	Sponsorinntekter, avgiftsfri	149 342.00	310 000	-160 658	-52	235 000.00
3122	Sponsormidler og gåver frå bank	100 000.00		100 000		150 000.00
3211	Andre interne salg	200.00	3 000	-2 800	-93	3 000.00
3400	Offentlige tilskudd	200 898.01	80 000	120 898	151	90 000.00
3440	Andre tilskudd	5 000.00	50 000	-45 000	-90	50 000.00
3450	Inkluderingsmidler flyktninger	76 999.97	70 000	7 000	10	30 000.00
	Anna driftsinntekt	1 006 015.16	770 000	236 015	31	830 000.00
3410	Momskompensasjon	84 012.00	90 000	-5 988	-7	70 000.00
3910	Kursinntekter	642 700.00	450 000	192 700	43	550 000.00
3920	Medlemskontingenter	48 600.00	40 000	8 600	22	40 000.00
3930	Treningsavgifter	51 000.00	60 000	-9 000	-15	50 000.00
3940	Egenandeler	43 234.00	50 000	-6 766	-14	40 000.00
3960	Lotterier, bingo etc	50 990.00	40 000	10 990	27	40 000.00
3990	Andre inntekter	85 479.16	40 000	45 479	114	40 000.00
	Sum driftsinntekter	1 659 305.14	1 283 000	376 305	29	1 403 000.00
	Varekostnad	30 258.12	10 000	20 258	203	10 000.00
4300	Varekostnad, varer for videresalg	30 258.12	10 000	20 258	203	10 000.00
	Lønskostnad	560 521.32	649 025	-88 504	-14	701 845.00
5000	Fast Lønn m/feriep / m/arb.gj.avg. lønnsart 100,103	259 046.63	504 178	-245 131	-49	541 612.00
5002	Timelønn m/feriep / ingen arb.gj.avg lønnsart 105	204 533.50		204 534		0.00
5092	Feriepenger	47 285.20	51 426	-4 141	-8	55 244.00
5093	Feriepenger over 60 år	239.08		239		0.00
5400	Arbeidsgiveravgift	37 191.66	71 087	-33 895	-48	76 366.00
5405	Arb.giv.avg av pål. feriepenger	3 725.60	7 250	-3 524	-49	7 790.00
5420	Innberetningspliktig pensjonskostnad	5 201.00	10 084	-4 883	-48	10 833.00
5920	Yrkesskadeforsikring og andre personalforsikringer		5 000	-5 000	-100	10 000.00
5952	Innberetning OTP/AFP	4 724.00		4 724		
5953	Motkonto Innberetning OTP/AFP	-4 724.00		-4 724		
5990	Andre personalkostnader	3 298.65		3 299		
	Annan driftskostnad	477 222.46	610 600	-133 378	-22	625 000.00
6300	Leie lokaler	129 974.45	160 000	-30 026	-19	180 000.00
6420	Leie datasystemer	32 897.38	55 000	-22 103	-40	55 000.00
6440	Leie transportmidler	9 828.00	60 000	-50 172	-84	60 000.00
6545	Datautstyr		5 000	-5 000	-100	5 000.00
6580	Idrettsutstyr	15 320.72	40 000	-24 679	-62	40 000.00
6705	Regnskapshonorar	37 597.61	40 000	-2 402	-6	40 000.00
6730	Idrettsfaglig bistand	38 110.00	25 000	13 110	52	25 000.00
6860	Kurs	5 350.00	15 000	-9 650	-64	15 000.00
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	10 166.00		10 166		
7110	Bilgodtgjørelse, ikke oppgavepliktig	1 767.00	15 000	-13 233	-88	15 000.00
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	26 892.04	20 000	6 892	34	20 000.00
7141	Fly	24 986.08	15 000	9 986	67	15 000.00
7144	Hotell	39 948.03	25 000	14 948	60	25 000.00
7162	Beverting	12 364.69	25 000	-12 635	-51	25 000.00
7400	Medlemskontingenter	2 000.00	3 000	-1 000	-33	3 000.00
7410	Påmelding serier, turneringer etc	34 400.00	57 600	-23 200	-40	48 000.00
7420	Gaver og premier	1 441.00	4 000	-2 559	-64	4 000.00
7500	Forsikringspremier	5 985.00	6 000	-15	0	6 000.00
7740	Øresavrunding	0.83		1		
7770	Bank og kortgebyrer	4 098.00	10 000	-5 902	-59	4 000.00
7771	Gebyr Filial af Banking Circle	23 390.50	15 000	8 391	56	24 000.00
7772	Gebyr Vipps	892.85		893		1 000.00
7790	Diverse kostnader	19 812.28	15 000	4 812	32	15 000.00
	Sum driftskostnader	1 068 001.90	1 269 625	-201 623	-16	1 336 845.00
	Driftsresultat	591 303.24	13 375	577 928	4321	66 155.00
	Anna finansinntekt	35 022.85	15 000	20 023	133	50 000.00
8040	Renteinntekter	35 022.85	15 000	20 023	133	50 000.00
	Annan finanskostnad		1 400	-1 400	-100	0.00
8155	Rentekostnader leverandør		1 400	-1 400	-100	0.00
	Netto finanspostar	35 022.85	13 600	21 423	158	50 000.00
	Resultat før skatt	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155.00
	Ordinært resultat	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155.00
	Udisponert overskot/underskot	626 326.09	26 975	599 351	2222	116 155.00

10 VEDLEGG 2: BALANSE 2025

Balanse


Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb
per onsdag 31. desember 2025



Eigedelar



Eigenkapital og gjeld



31.12.2025

Eigedelar

Anleggsmiddel

Varige driftsmiddel

Maskiner og anlegg

11 411

Sum Varige driftsmiddel

11 411

Sum Anleggsmiddel

11 411

Omløpsmiddel

Fordringer

Kundekrav

11 400

Andre fordringer

-89 410

Sum Fordringer

-78 010

Bankinnskott, kontantar o.l.

Bankinnskott, kontantar o.l.

1 529 919

Sum Bankinnskott, kontantar o.l.

1 529 919

Sum Omløpsmiddel

1 451 908

Sum Eigedelar

1 463 319

Eigenkapital og gjeld

Eigenkapital

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital

434 437

Udisponert overskot/underskot 2022

164 528

Udisponert overskot/underskot 2023

-128 201

Udisponert overskot/underskot 2024

223 921

Udisponert overskot/underskot 2025

626 326

Sum Opptent eigenkapital

1 321 011

Sum Eigenkapital

1 321 011

Gjeld

Kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld

67 490

Skuldige offentlege avgifter

13 441

Anna kortsiktig gjeld

61 376

Sum Kortsiktig gjeld

142 308

Sum Gjeld

142 308


Sum Eigenkapital og gjeld

1 463 319

11 VEDLEGG 3: FORSLAG TIL MEDLEMSKONTINGENT 2027 OG TRENINGSAVGIFT 2026

<i>Avgift</i>	<i>Sats</i>	<i>Kommentar</i>
<i>Medlemskontingent 2027</i>	200,-	Betalingskrav bli sendt ut i januar 2027
<i>Treningsavgift 2026 – R1</i>	1200,-	Betalingskrav blir sendt ut halvårleg
<i>Treningsavgift 2026 – K2</i>	1600,-	Betalingskrav blir sendt ut halvårleg
<i>Treningsavgift 2026 – K1</i>	2000,-	Betalingskrav blir sendt ut halvårleg

12 VEDLEGG 4: ORGANISASJONSPLAN YSSS 31.12.2025



YSSS har ikkje p.t. oppretta rolla Dagleg Leiar. Organisering og leiing er ivaretatt av eit arbeidande styre satt saman av:

- Leiar – Katrine Vestbøstad (på val)
- Nesteleiar – Ingrid Fjørtoft (på val)
- Styremedlem – Martin Jung Leine (ikkje på val)
- Styremedlem – Cian Walsh (på val)
- Styremedlem – Marianne Vågen Langeland (ikkje på val)
- Styremedlem – Kristin Rånes (på val)

Klubbsekretær rapporterer til styreleiar.

Symjeskulekoordinator rapporterer til styreleiar. Opplæringstrenarar i symjeskulen rapporterer til Symjeskulekoordinator.

Trenarar rapporterer til sportsleg leiar.

YSSS har følgande utval og nemnder som skal veljast på årsmøtet:

- Kontrollutval (2 medlemmer, 1 varamedlem)
- Valnemnd (2 medlemmer, 1 varamedlem)

I tillegg kan styret utnemne andre utval/nemnder ved behov.